

Aktstykke og argument i okkupasjonshistorien

Av professor, dr. philos. Magne Skodvin

I

I et svar til Einar Syvertsen (Aftenposten 30. 10.) offentliggjorde eg mellom anna eit aktstykke frå det tyske utanriksdepartementets arkiv, med den konklusjon at det frå 9. april 1940 hadde vore krigstilstand mellom Tyskland og Norge. Dokumentet var datert 14. juni 1941.

På grunn av fravær kan eg først nå svare på dei kommentarar dette har framkalla, frå Odd Tiller, Einar Syvertsen og Arild Hamsun.

Ingen av dei tre har tilleggsopplysningar eller annan dokumentasjon å leggia fram. Men dei utfører argumentasjonar, og til dels med temmeleg ulik konklusjon. Likevel fel til det naturleg å svare delvis under eitt, sidan det mellom anna gjeld prinsippspørsmål.

For det første, på ny, og ein gong for alle: det er den saklege del av diskusjonen eg går inn på. Dersom ein skulle vera av den meining at eg er for einsynt til å kunna vurdera klart (som Arild Hamsun synest tenkja) eller trenng innføring i elementer kjeldekritikk (som Odd Tiller synest tenkja), eller har til formål «å frembringe ordkloper for å forvirre begrepene» (som Syvertsen skriv) — så vil vel dette i tilfelle koma såpass klart til synne i mine framstillingar at lesaren kan vurdera det på eigen hand. For min del kjem eg sjølv sagt ikkje til å fora nokon offentleg debatt om mine personlege moralske og/eller intellektuelle eigenskapar og lyte — heller ikkje om andres. Det er knapt ein veiskikk å diskutera historiske problem på.

For det andre uttalar eg meg berre om ting som eg meiner å ha kjennskap til. Om Syvertsen finn ukorrekte sitat i norske aviser, så kan eg vanskeleg rekna meg dette til last. Dersom Riksadvokatembetet skulle ha sittet fell, så må Riksadvokatembetet vera korrekt adresse for kritikk. Mine eigne mistak har eg berre glede av å få retta, når dei kan påvise.

For det tredje: det synest meg bryt verdt å finna ut kva vi måtte vera enige om, for vi diskuterer det som måtte vera omstridd. På den måten kan det venteleg koma noko positivt ut av ordskiftet.

Så til saka.

Alle tre er enige om at dette aktstykket kan ein ikkje leggja vekt på. Det vrakar det på ulike premissar. Syvertsen seier ikonisk at det er «ubekreftet». Dersom dette skulle innehalde ein tvil om autentisitet, så tek eg for ordens skuld opp att at det er fotografert i Auswärtiges Amts arkiv. Han karakteriserer det som «et gammelt tysk dokument i faksimile som ikke vedkommer saken». Det er frå okkupasjonstida, og så gammalt må det vera dersom det skal opplysa noko primert om okkupasjonstida. Det er i faksimile for di dette er ein meir direkte reproduksjon enn til dømes ei avskrift. Det vedkjem saka, for

di saka er at eg søkte opplysningar om kva ein i Tyskland på den tid meinte om spørsmålet krigstilstand.

Tiller og Hamsun minner meg om at eit dokument må setjast inn i sin historiske samanheng. Dette er vel å slå inn opne dører. Dersom samanhengen tydde på at meininga var den motsette av det som aktstykket gir uttrykk for, så hadde eg sjølv sagt ikkje brukt det på denne måten. Etter evne har eg studert samanhengen, som Tiller og Hamsun meiner å kjenna utan å ha sett aktena. Tiller meiner heller ikkje at det er tvingende nødvendig å gå til aktena for å kunne uttala seg om «dette dokuments sannsynlige tilbilselsprosess og eventuelle hensikt». Etter hans meining «synes det mulig å resonnere seg frem til mulige og endog sannsynlige sammenhenger» og til formålet med aktstykket. Det var eit djervt kart av eit ukjent terrenn. Eg kan berre svara at eg ikkje har kom over noko dokument i denne samanhengen som kan gi ringaste grunnlag for ein hypotese om at dr. Roedigers notat av 14. juni 1941 skulle vera eit forarbeid til Terbovens Ausnahmезustand i Oslo september same år, eller for den saks skuld at undtakstilstanden i det heile var påtakent på den tid. Når eg ikkje ordlegg meg meir kategorisk, er det for di ein skal aldrin seia aldrin. Men ein kan kjenna seg sterkt freista til det.

Arild Hamsun held seg også, utan dokumentasjon, til det som etter hans vurdering «må være selsvagt». Dette er ei oppfatning, men ikkje eit argument. På dette litt utrygge grunnlaget finn Hamsun at dokumentet «later til å være ein fra tysk hold hensiktmessig bortforklaring». Han støttar seg til ein teori om at nødvendig dokument

mentasjon vil koma for dagen mellom dei dokumenta «som ligg foran og/eller bak det sitterte». Det finst eit forarbeid av dr. Roediger, som er mykke meir omfattande, og som er oppsummert i notatet. Forarbeidet giev ingen slike dokumentasjon som Arild Hamsun tenker seg. Skulle det dukka opp noko nytta «foran og/eller etter» som peikar i retning av Hamsuns konklusjon, så skal det vera meg ei glede å drofta det. Men inntil så måtte vera skjedd, synest det lite rådeleg å dra så store vekslar på ei så uviss framtid.

Også på Tillers eigne premisser, altså utan dokumentstudium, kan ein sjølv sagt diskutera hans hypotese. Den går ut på at dokumentet synest å ha hatt «en klar funksjon beregnet på en situasjon hvor det fra tysk side er om å gjøre å bevise at det hersker krigstilstand mellom Norge og Tyskland», og at adressa «sannsynligvis har vært USA eller Sverige» — i annan samanheng «den svenske eller amerikanske regjering». Var då for eksempel den amerikanske regjering noko sinne i tvil på dette punkt? President Roosevelt? Kongressen? eller kven? Korleis skulle dette i tilfelle ha kome til synne? Kva kan påstanden underbyggjast med?

På eitt punkt kan eg vera heilt enig med Tiller. Han skriv nemleg (Aftenposten 4. 11.): «Hensikten må tydeligvis ha vært å etablere et rettslig grunnlag for de tyske myndigheters krigsherretettigheter i Norge.»

Ja, nettopp! I ord og gjerning gav makthavarane i Det tredje rike uttrykk for at dei praktiserte krigs-herre-rettar i det okkuperte norske området, og at dei kunne påvisa rettsgrunnlag for det.

Men korleis skal dette kunna

Stortinget

Utenriksminister Svenn Stray, første utenrikspolitiske redegjørelse darinn utgangspunktet for dagens utenriksdebatt i Stortinget. Motet inndeles kl. 10, og det er avsatt tid til kveldsingte.


PA LOVEBAKKEN er det hengt opp et nytt «Byens bilde». Unge Kunstneres Samfund melder at bildet heter «Tilfjells» og er fremstilt av Neonila Ravnum.

tolkast som bevis for at dei ikkje reknar seg for å vera i krig?

Med Hamsun vil eg og gjerne vera enig på eitt punkt, så langt det går. Hamsun skriv at: «... den tyske militære ledelsen, både før og etter 14. juni 1941, var på det rene med kapitulasjonsavtalens rekkevidde, men den blandet seg jo ikke borti hva Dr. Roediger i utenriksdepartementet fant ut om stillingen.»

Nei, nettopp! Wehrmacht gav seg ikkje til å tolka Tysklands folkertiltsleger forhold til andre land på Tysklands vegner. Det overlet Wehrmacht til Auswärtiges Amt, som rette vedkomande etat.

I eit særskilt svar skal eg koma inn på eit par nye moment som er forde inn i diskusjonen.



BADEKAR-MATTER

Unngå fall i badet med Rubber Style badekarmatte. 100-vis av sugekoppar sikrer godt feste. Myk og behagelig - lekre påstøtfarger.



STAVANGER
Gummiindustri A

